



## Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

5906 FREKHAUG

Behandlande eining:  
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:  
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse: 23/109935-2  
Dykkar referanse: 20/1110 – 23/45546  
Vår dato: 18.07.2023

---

### Uttale til offentleg ettersyn & høyring – Detaljreguleringsplan for fv. 5486 Langhøyane – Kjebogen, gnr. 445/229 m.fl. PlanID 12602018000100

Vi viser til brev fra Alver kommune, dagsett 12.06.2023.

Saka gjeld offentleg ettersyn og høyring av detaljreguleringsplan for fv. 5486 Langhøyane – Kjebogen, gnr. 445 bnr. 229 m.fl. Føremålet med planarbeidet er å utarbeide detaljregulering for veg med gang-/sykkelveg på ca. 280 meter fra Manger Industriområde ved Kjebogen til Langhøyane. Utbetring av veganleggget er ein føresetnad for vidare utbygging i delfelt B12 på Manger industriområde. Høyringsfrist er sett til 11.08.2023.

#### Statens vegvesen si rolle i planarbeid

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeid er først og fremst knytt til arealbruken langs riksveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningsliner for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vognormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretakne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

#### Uttale

Statens vegvesen gav uttale til oppstart av planarbeidet den 09.03.2018. Av brevet går det fram: «*Vi føreset at det vart lagt til grunn same standard på køyreveg og fortau på denne vegstrekninga som det vart lagt til grunn i reguleringsplanen for Manger industriområde, Kjebogen. Vi har tidlegare akseptert at det vert lagt til grunn ei vegbreidde på 6,0 meter.*»

Plankonsulent viser til at køyrevegen og fortauet er planlagt med same standard som i reguleringsplanen for Manger Industriområde, Kjebogen.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Fakturamottak DFØ  
Postboks 4710 Torgarden  
7468 Trondheim

Saman med planmateriellet følgjer kopi av Statens vegvesen sitt svarbrev knytt til fråvikshandsaming. Her har Statens vegvesen peikt på at føreseggnene til planen må omtale rekkjefølgjekrav, gjennomføringsavtale og byggjeplan.

Av framlegget til føresegner § 4.2 går det fram at «*Byggjeplan for tiltak i tilknyting til fylkesvegen skal vere godkjend av Statens Vegvesen før det kan gjevast igangsetjingsløyve til slike tiltak*». Denne ordlyden må rettast opp. Etter Regionreforma i 2020 overtok fylkeskommunane forvaltningsansvaret for fylkesvegnettet. Det må i føreseggnene derfor visast til «Vestland fylkeskommune», eller «rette vegmynde».

Sjølve rekkefølgjekravet til opparbeiding av veganlegget kan vi ikkje sjå at er omtalt i framlegget til føresegner, men det går fram av føreseggnene til Manger Industriområde, Kjebogen. Sistnemnde plan er vedteken i 2017. Reguleringskartet og tilhøyrande føreseggnene viser regulerte fortau langs fylkesvegen (O\_SF). Av føreseggnene pkt. 1.7.4 følgjer det:

*«Det kan ikkje førast opp nye bygg i delfelt BI2 før fylkesveg 410 er opparbeidd med fortau fra planområdet til eksisterande fortau ved Selfallet. Betring av vegen utløyer krav om detaljplan. Arbeidet med ny detaljplan skal vere ferdig før det vert gjevast ferdigattest innan BI1.»*

I merknadsskjema til oppstart viser forslagsstillar til at den aktuelle vegstrekninga er lagt inn som prioritert for gang-/sykkelveg i KDP Radøy. Ut frå det vi kan sjå er det gang- og sykkelveg (SGS) som er regulert i planframlegget som no er på høyring. Kommunen sine saksdokument omtalar også regulering av ei gang- og sykkelvegløysing. Plankonsulent peiker på at planframlegget vil gje ein attraktiv og trafiksikker sykkeltrasé frå Manger til Kjebogen og vil legge til rette for eit samanhengande sykkelvegnett. Det vert vidare vist til at tiltaket vil auke trafikktryggleiken for born og unge som nyttar gang- og sykkelvegen.

Men etter det Statens vegvesen kan sjå har ein ikkje nokon intensjon om å etablere ein gang- og sykkelveg her. Normalprofilen som følgjer saka til høyring viser eit fortau og det er dette som er omtalt som den aktuelle løysinga i planskildringa.

Plankonsulent kommenterer dette tilhøvet i planskildringa pkt. 5.2.3:  
*«I planframlegget er det lagt inn gang-/sykkelveg med ein breidde på 3 m langs nordsida av Fylkesvegen frå Kjebogen i vest til Langhøyane i aust. Det er i dette tilfellet ikkje vurdert som naudsynt å skilje mellom sykkelveg og fortau, då det reknast som lite truleg at brukarfrekvensen vert høg nok til at dette krevjast»* (vår utheving)

Ved å setje av nok areal i reguleringsplanen har ein mogelegheit for å byggje ein gang- og sykkelveg i framtida. Ut frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin «*Veiledning til forskrift om kart, stedfestet informasjon, arealformål og digitalt planregister*» kan ikkje Statens vegvesen sjå at fortau kan inngå som eit formål under rp kode 2015. Bygging av noko anna enn det som er regulert (g/s-veg) vil etter vår vurdering utløse krav om dispensasjon frå reguleringsplan.

Når ein no vel å gjere tiltak for å utvide fylkesvegen og det vert omtalt som lite truleg at ei gang- og sykkelvegløysing vert aktuelt, meiner vi at reguleringsplanen for eit såpass kort vegstrekks bør vise den løysinga ein faktisk har til intensjon å byggje. Det vert uryddig når føresegnene ikkje omtalar løysinga som skal byggjast, men synleggjer kvalitetskrav til noko som antakeleg aldri skal gjennomførast.

Slik vi vurderer det er det Vestland fylkeskommune som veigar som fyrst og fremst må ta stilling til dei plangrepa som er gjort i dette framlegget til detaljreguleringsplan.

Transportforvaltning

Med helsing

Olav B. Aga

fung. seksjonsleiar

Ingelin Garen

senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER

VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER